

Arkivnr: 2018/15997-12

Saksbehandlar: Ingeborg Fredheim, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		13.03.2019

Ny budsjettmodell for tildeling til dei vidaregåande skulane - vidare prosess**Prosjektleiar tilrår fellesnemnda å gjere følgjande vedtak:**

1. Dagens budsjettmodellar for tildeling til dei vidaregåande skulane vert vidareførde for 2020.
2. Prinsippa for ny budsjettmodell, gjeldande frå 2021, vert lagt fram for fylkestinget som ein del av økonomiplansaka i desember 2019.

Rune Haugsdal
prosjektleiar*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.***Prosjektleiar, 12.02.2019**

1.0 Bakgrunn for saka

Fellesnemnda handsama 19.12.18, sak PS 55/2018 Prinsipp for ny budsjettmodell i dei vidaregåande skulane – DP 1.4. Utvalet gjorde følgjande vedtak:

«Det overordna prinsippet om tildeling i hovudsak basert på tal grupper per utdanningsprogram vert lagt til grunn for budsjettmodell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

1. *Prosjektlear skal:*
 - a) *utarbeide ein budsjettmodell der tildelinga i hovudsak er basert på tal klassar/grupper per utdanningsprogram. Som ein del av dette arbeidet må det vurderast om nokre budsjettelement skal tildelast uavhengig av tal grupper.*
 - b) *vurdere behovet for overgangsordningar i overgangen til Vestland fylkeskommune*
2. *Prinsippa for ny budsjettmodell vert lagt fram for fellesnemnda våren 2019.»*

I saka vart det lagt til grunn at denne vedkom samanslåingsprosessen og måtte takast stilling til på dåverande tidspunkt for å kunne halde naudsynt framdrift med utvikling av budsjettmodell for dei vidaregåande skulane.

I samanslåingsarbeidet er det tidlegare lagt til grunn at det vil vere naturleg å ta i bruk ny felles budsjettmodell for dei vidaregåande skulane frå same tidspunkt som det er felles inntak for Vestland fylkeskommune. I sak til fellesnemnda i mars 2019 rår prosjektlear til at dagens inntaksordningar og inntaksområde vert vidareført for skuleåret 2020/2021. Dette inneber at første skuleår med felles inntak for Vestland fylkeskommune er skuleåret 2021/2022.

2.0 Prosjektlear si vurdering og tilråding

Fellesnemnda er eit organ som skal samordne og ta seg av førebuing til samanslåing som er naudsynte for å opprette ny fylkeskommune.

Etter prosjektlear si vurdering grip prinsippa for ny budsjettmodell sterkt inn i den vanlege drifta til fylkeskommunen og vil få verknad etter 2020. Døme kan vere krav til oppfyljing i grupper/klassar og kva som skal vere minimum breidde i fag som skal tilbydast på studiespesialisering, noko som vil ha konsekvensar for tilbod på skulane og framtidig skulestruktur.

Det er det nye fylkestinget som gjer endeleg budsjettvedtak for 2020. Dersom ny budsjettmodell skal gjelde frå skuleåret 2020/2021 er det difor fellesnemnda våren 2019 som må vedta prinsippa som skal ligge til grunn.

For å leggje til rette for effektiv ressursbruk i samanslåingsarbeidet og samordne tidspunkt for iverksetting av felles inntak og felles budsjettmodell for tildeling til dei vidaregåande skulane, rår prosjektlear til at dagens budsjettmodellar for tildeling til dei vidaregåande skulane vert vidareført for 2020. Prosjektlear vil, som ein del av økonomiplansaka i desember 2019, legge fram prinsippa for ny budsjettmodell gjeldande frå 2021 for det nye fylkestinget. I det vidare arbeidet må det vurderast om ny budsjettmodell skal iverksettast frå 01.01.2021 eller frå 01.08.2021.